

Barmarksamlinga vart ein suksess

21.10.2012



Mykje gjekk på rullande underlag og over og under er yngstegruppa i aksjon laurdag føremiddag

Barmarksamlinga til skigruppa vart ein udiskutabel suksess då kring 40 store og små var med i arrangementet i helga. Gruppa vil takka alle som bidro til den suverene treningshelga og særleg då dei dyktige instruktørane og kokkedama som trakterte utøvarane med god og sunn internasjonal mat. Dette må gjentakast!

Snått, regn, sidevind, gliptak, taco, styrkesaft, mjølkesyre, gjørme. Dette er nokre av stikkorda dei fleste som var med kjenner att.

Særs gledeleg var det at så mange som 23 unge og lovande i den yngstegruppa (8-12) møtte til fyrsteøkta. Så mykje dårlegare var heller ikkje den eldste gruppa, frå 12 år og oppover for der møtte 17. No sr ein verkeleg at det gror i langrennssporten. Tilveksten i den lokale skisporten har nok aldri vore så god og det lovar bra for framtida.

Første økta for dei 2 gruppene var rulleskigåing eller rulleskeiser og den yngste gruppa hadde jamvel med rebusløp med innlagt luftgeværskyting. Det fall i smak. Eldste gruppa hadde med eitkamerateam slik at utøvarane kunne studera eigen teknikk. Kurt Haugland stod her for det tekniske.

Den andre økta for dei yngste var i hallen med spenst-og snøgggleiksøvingar, koodinering og balansering. Eldstegruppa fant fram til ein skogsveg. Mellom øktene var det turvande med påfyll. og etterpå vart det servert taco. Resten av laurdagskvelden var det sosialt samvær.

Sundagens program var roleg langkøyring for begge grupper med Skålafjell som sentralt mål

Tekst: Ole Vidar Monsen
Foto:Ola Matti Mathisen

